

## Møtebok for

# Ekstraordinært årsmøte i Øvre Naustdal Utmarkslag på Fimlandsbua onsdag 29.05.19 kl. 19.30

**Desse møtte:** Tore Edvardsen, Marius Ness, Kim Horstad , Inge Svorstøl, Olav Svoen, Ivar Teigen, Narve Fimland, Svein Svorstøl, Odd Vonen, Sverre Stenberg, Kjell Klopstad, Henning Malones, Gudmund Eimhjellen, Normund Svoen og Anders Neset

### Sakliste

#### **Sak 1 – Val av møteleiar**

Normund Svoen vart vald

#### **Sak 2 – Val av skrivar**

Anders Neset vart vald

#### **Sak 3 – Val av to til å skrive under møteboka**

Svein Svorstøl og Inge Svorstøl

#### **Sak 4 – Godkjenning av innkalling**

Det har vorte lagt ut melding på Facebook, og innlegg på "Det skjer" i Firda. Elles har det vorte sendt ut sms-meldingar. Innkalling samråystes godkjent

#### **Sak 5 – Godkjenning av dagsorden**

Denne vart samråystes godkjent

#### **Sak 6 – Orientering om grunnlaget for å innlemme Instedalen Storvald i Øvre Naustdal Utmarkslag**

I hovudsak å få til betre administrasjon av storvaldet. Ein vil også få litt større myndighet, lettare kunne gjennomføre krav som kommunen set til storvaldet, ein får eit større lag og meir «tyngde». Vi hadde ved årsmøtet ikkje kravd inn fellingsavgift for 2016 og 2017, men dette er no gjort, og alle jaktfelta har betalt inn slik at dette er i orden til ei ev. samanslåing.

#### **Sak 7 – Orientering om hjortejakta – bl.a. plikter for styret og plikter for den einskilde jaktfeltleiar. Ved Henning Malones.**

Det er tvungen registrering på sett og skutt, og Instedalen storvald er ein versting av dei sju storvalda i kommunen. Det står i bestandsplanen kva ein skal registrere, og korleis.

Leiar av storvaldet sit i vitrådet. Eit møte årleg der ein rapporterer etc. Refusjon til storvalda årleg frå kommunen kr 1500 + 10 prosent av fellingsavgifta. Vårtelling og registrering vert gjort av storvaldet «i gjengjeld». Storvalda er grunneigarstyrt. Ein får tildelt løyver for tre år og fordeler løyya sjølv ut over åra og felta. CWD prøvetaking: Tvungen i fjar, og det var berre negative prøver. I år vert det ikkje prøve i jakta, men av falldyr etc.

Normund: Ein må i framtida vere tydelege på krav til jaktfeltledarane. Det er unødvendig at Instedalen skal vere dårlegare på å rapportere enn andre vald.

**Henning** syntet litt frå hjorteviltregisteret og sett og skutt. 14 dager etter jaktslutt er fristen for å sende inn jaktrapporten.

**Normund:** I framtida må vi kalle inn til møte med jaktfeltleiarane før jakta der ein går igjennom rutiner for rapportering etc. Vi må tygge litt på korleis vårt vald skal praktisere rapporteringa. Det er jaktfeltledarane som har ansvaret for at det vert gjort.

**Malones:** Det er små jaktfelt i Instedalen storvald. Det er mogleg å slå saman / samarbeide (jakte i lag, fellesjag). Storvaldet bestemmer sjølv samanslåing av jaktfelt utan at kommunen har noko med dette å gjøre.

**Normund:** Utmarkslaget kjem ikkje til å legge seg opp i korleis jaktfelta vil slå seg saman etc.

**Sak 8 – Presentasjon av styret sitt forslag til «Ordning for INSTEDALEN HJORTEVALD (storvald)**

- frå 29.05.19 avdeling under Øvre Naustdal Utmarkslag
- revisjon av ordning gjeldane sidan 31.05.06.

Normund orienterte frå ordninga. Denne er redigert forsiktig frå dei opprinnelige vedtekten.

Henning Malones kom med kommentar til paragraf 4: Ein må vere med tre år i storvaldet før ein kan søkje om å melde seg ut. Den som melder seg ut må få tildelt løyver direkte frå kommunen, då får ein spesifiserte løyver, ikkje frie dyr.

**Sak 9 – Presentasjon av styret sitt forslag til nye vedtekter for Øvre Naustdal Utmarkslag**  
Einaste endring i vedtekten er i punkt 2. «Laget har også ansvaret for hjortejakta..» etc.  
Normund presiserte at det kan vere nyttig å lese igjennom vedtekten, det står mellom anna om at medlemer plikter om å varsle om ulovligheter som skjer i ØNU sitt område.

**Sak 10 – Stemme over nedlegging av Instedalen Storvald som eigen organisasjon**  
– jfr. sak 8.

**Kommentararar:**

- Inge: Står det nokon stad at det ikkje går å slå storvald inn i eit anna lag? Normund rådførte seg tidleg med Henning, han har ikkje funne noko om at dette er ulovleg.
- Normund: ØNU er registrert i brønnøysund, har eigne kontoar, god økonomi, mange prosjekter som alt handlar om utmark, vil gi meir tyngde som eit samla lag.
- Kjell: Erfaring med god drift i utmarkslaget. Vi er ein part i ein offentlig diskusjon som omhandlar utmark, og då er hjortejakta også ein del i dette. Normund har god styring i laget.
- Henning: Det som nok kan bli sak i 2020 er kommunesamanslåing. Ein av dei arbeidsame sakene der er viltforvaltninga. Ein har i dag ulike måtar å gjere det på i dei fire kommunane. Dømer er forskjellig minsteareal hjort, forskjellig tildelingar. De kan måtte forholde dykk til ein annan person etter sammanslåinga. Det er også usikkert kva som skjer med ny bestandsplan for Naustdal som skal kome i 2020.

Dette vil ein neppe klare å samordne til jakta 2020, så ny bestandsplan må nok sannsynlegvis lagast og gjelde for 3 år.

Avstemming vart utført, og saka einstemmig vedtatt.

**Sak 11 – Stemme over nye vedtekter for Øvre Naustdal Utmarkslag jfr. sak 9.**

Avstemming vart utført, og saka einstemmig vedtatt.

Ref.: Anders Neset, 23.06.19

2/7-19

Inge Svorstøl

Inge Svorstøl

SVEIN EGIL SVORSTØL

Svein Svorstøl